

## Erling Berge: Befolkningsutvikling, familie og levekår

### *Fertilitet*

I faget demografi er vi opptekne av å finne dei faktorane som verkar på utviklinga av folketalet. Dei siste åra har interessa samla seg meir og meir om fertiliteten, både fordi utviklinga i folketalet er så sterkt påverka av den, og fordi fertiliteten varierer så sterkt med ulike samfunnstilhøve.

Dei sentrale faktorane i befolkningsutviklinga finn vi ein grei omtale av i Ståle Dyrviks artiklar i Syn og Segn i 1974 (sjå Syn og Segn hefte 1, 2 og 3 1974).

I denne artikkelen skal vi leggje mest vekt på fertiliteten. Vi skal derfor kort repetere kva som ligg i dette omgrepet, og korleis vi kan tolke dei sentrale måla på fertiliteten.

Når vi nyttar omgrepet fertilitet om eit samfunn eller om ei befolkning, har det som regel ei tolking som fort kan konkretiserast til storleiken på barneflokkjen i ein familie typisk for samfunnet.

I den aktuelle debatten om folkeauke, matforsyning og samfunnsutvikling finn vi ofte utsegner om at fertiliteten er (for) høg eller låg. Om ikkje anna er sagt, tenkjer ein da gjerne på om fertiliteten er høg eller låg i høve til nullvekst. Vi har nullvekst i ei befolkning dersom kvar generasjon foreldre får like mange barn som det er menneske i foreldregenerasjonen. Litt meir presist seier vi at vi har nullvekst dersom kvar kvinne føder så mange jenter at nett ei jente lever opp til sjølv å føde ei jente. Vi seier da at netto-reproduksjonstalet er lik 1,0. Når vi tek omsyn til at småjenter døyr og til at det for kvart 100 jenter blir født om lag 106 gutar, så tyder eit netto-reproduksjonstal på 1,0 at gjennom-

---

*1973 og 1974 vart av SN proklamerte som miljøvern- og befolkningsår, og problemstillingane i denne samanhengen har ikkje vorte mindre skremmande i åra etter. Nordmenn kan ha gode grunnar til sjølvkritikk i eit ressurspolitisk perspektiv, men det er ikkje like sjølsagt korleis vi skal ta inn over oss dei globale befolkningsproblema. I 1974 hadde Noreg hatt ti år med minkande fertilitet, og i 1975 kom vi*

*under nullvekstnivået. Nedgangen held fram slik at vi i 1980-åra kan kome 30–40 prosent under nullvekst i barnetalet. Det er dette problemet Erling Berge drøfter, og han spør bl.a. kva for problem og konflikhtar komande generasjonar kan få dersom tobarnsfamilien skal vere idealet. — Arbeidet med denne artikkelen er finansiert av Norges almenvitenskapelige forskningsråd.*

snittleg må kvar kvinne føde 2,11 barn (eller 211 barn for kvart 100 kvinner — om det ser meir truverdig ut). Dette talet (2,11), der vi tel med både gutar og jenter og ikkje kontrollerer for mortaliteten, kallar vi det samla fertilitetstalet. Dette talet er eit gjennomsnittstal som er rekna ut for alle kvinner i Norge. Men sidan vi veit at minst 10% av alle ektepar er utan barn, anten fordi ein av partane er steril eller fordi ekteparet ikkje ønskjer barn, og sidan vi veit at minst 5—10% av alle kvinner i ein årsklasse ikkje gifter seg, så gir ikkje det samla fertilitetstalet noko godt bilete av talet på barn i ein barnefamilie typisk for samfunnet vårt. Tek vi omsyn til dei som ikkje gifter seg, og til ei rimeleg fordeling av familiane på 0, 1, 2, 3 og 4 barn, finn vi at den typiske barnefamilien i Norge, når vi har nådd nullvekst, får tre barn.

Korleis er så fertiliteten i Norge i dag? Er den høg eller låg? Er vi langt unna nullvekst?

#### *Fertiliteten i Norge i dag*

I 1966 vart det født 67 061 barn i Norge (sjå tabell 1). I 1976 var talet 53 474. Dette er ein nedgang på 20%. I same tidbolken fall netto-reproduksjonstalet med 33%, frå 1,36 til 0,90. Dei talrike årgangane frå dei første etterkrigsåra har altså gjort at talet på nyfødde ikkje har falle like fort som fertiliteten. Vi ser av tabell 1 at fertiliteten har falle jamt sidan 1964 og fram til 1976. Også i 1977 held nedgangen fram. Frå første kvartal i 1976 til første kvartal i 1977 fall talet på fødde frå 13 814 til 13 026. Dette er ein nedgang på nesten 6%, og den er større enn nedgangen frå første kvartal i 1975 til første kvartal i 1976 (da talet på fødde minka frå 14 495 til 13 814).

Vi kan altså slå fast at den nedgangen i fertiliteten som starta i 1964, held fram inn i 1977 utan teikn til å flate ut. Vi kan òg slå fast at fertiliteten i Norge i dag svarar til at vi på lang sikt vil få ein ~~årleg~~ <sup>årlig</sup> nedgang i folketalet på 10%. Fertiliteten i Norge i dag ligg med andre ord godt under nullvekstnivået. *for kvar generasjon.*

Er det så avfolking som trugar landet vårt no, og ikkje overfolking eller reint ut sagt ein befolkningsseksplosjon slik ein del debattinnlegg dei siste åra har hevda?

#### *Fertilitet og befolkningsutvikling framover i tida*

Sidan midten av sekstiåra har ein veksande opinion vore oppteken av økologiske og ressurspolitiske spørsmål. I 1973/74 markerte SN desse problemområda ved å proklamere miljøvernår og befolkningsår samtidig

som dei arrangerte internasjonale konferansar omkring desse tema. Dette vart ein katalysator for debatten også her i landet.

Utan å sjå på dei faktiske tilhøva vart dei internasjonale befolkningsproblema trykte ned over Norge. Vi måtte redusere folkeauken i landet vårt òg.

Men det var liten grunn til å uroe seg over befolkningsutviklinga da. I verdsbefolkningsåret hadde vi i Norge hatt ti år med fallande fertilitet, og alt i 1975 kom vi under nullvekstnivået. I dag ligg altså fertiliteten 10% under nullvekstnivået, og den er framleis minkande. Men det er ikkje større grunn til å uroe seg over befolkningsutviklinga i dag enn det var i befolkningsåret 1974.

Det er likevel grunn til å følgje utviklinga av fertiliteten med vakne auge dei nærmaste tre-fire åra. Dersom ikkje fertiliteten har stabilisert seg i løpet av dei komande fem åra, bør dei som har omsut og ansvar for framtida til det norske samfunnet, ha klart eit handlingsprogram som kan hjelpe til å styre fertiliteten attende til eit tryggare spor.

Gjennom den historiske utviklinga har vi i samfunnet vårt tilpassa institusjonar og arbeidsdeling til ein moderat auke i folketalet. Ein nedgang i folketalet vil derfor føre til omstillingsproblem. Ein svært rask nedgang i folketalet kan lett vise seg å bli katastrofal. Vi bør derfor ikkje tillate at fertiliteten blir liggjande for langt under nullvekstnivået for lenge. (La oss her berre gisse på at 15—20% under nullvekstnivået i 5—10 år truleg er på grensa av det vi kan vente å klare av omstillingsproblem.)

Det er sjølsagt lett å regulere ein nedgang i folketalet med immigrasjon. Men erfaringane frå andre land — ikkje minst Sverige — bør lære oss at heller ikkje dette er ein snarveg ut av dei problem som følgjer av ei skeiv befolkningsutvikling. Store mengder immigrantar skaper sine egne sosiale og kulturelle problem.

Men enno er verken innvandringa så stor eller fertiliteten så låg at det er grunn til å tru problema vil vekse oss over hovudet. Det er ingen grunn til panikk. Vi har tid til å følgje utviklinga og planleggje tiltak som kan setjast inn dersom fareteikna skulle vise seg.

#### *Fertiliteten som sosiologisk problem*

Fertilitetsutviklinga her i landet er ikkje interessant berre som eit eksempel på ein alvorleg og viktig debatt (norsk befolkningspolitikk) ført på feil premissar. Den er heller ikkje interessant berre fordi den er ein god indikator på komande sosiale problem. For folk opptekne av å finne fram til dei kreftene som styrer utviklinga på ulike felt i samfunnslivet,

Tabell 1. *Talet på fødde, netto-reproduksjonstalet, samla fertilitetstal og prosent førstefødde av alle fødde for åra 1960 til 1976.*

År	Talet på fødde	Netto reproduksjonstal	Samla fertilitetstal	% førstefødde av alle fødde*
1960	61 880	1,329	2,899	33,8
1961	62 555	1,354	2,944	33,8
1962	62 254	1,357	2,912	33,7
1963	63 290	1,375	2,926	34,3
1964	65 570	1,383	2,981	34,3
1965	66 277	1,370	2,945	34,8
1966	67 061	1,359	2,896	36,5
1967	66 779	1,325	2,809	37,5
1968	67 350	1,298	2,754	39,1
1969	67 746	1,275	2,696	38,8
1970	64 551	1,189	2,504	40,2
1971	65 550	1,188	2,487	40,7
1972	64 260	1,133	2,385	41,1
1973	61 208	1,057	2,230	41,8
1974	59 603	1,026	2,131	42,5
1975	56 345	0,949	1,983	43,8
1976	53 474	0,892	1,863	43,5

*Kjelde* til tabellen er dei statistiske årbøkene frå Statistisk Sentralbyrå for åra 1960 til 1976 saman med Statistisk ukehefte nr. 29 1977 og Statistisk månedshefte nr. 6 1977.

\* Prosenten er rekna ut for alle fødde i ekteskap. Barn fødde utanfor ekteskap eller i tidlegare ekteskap er ikkje rekna med.

har fertiliteten vist seg å vere ein svært komplisert storleik med tilknytning til dei fleste utviklingslinene i samfunnet. Enno veit ikkje samfunnsforskarane så mykje om samanhengen mellom samfunnsutviklinga og fertilitetsnivået at ein med tiltru kan seie om nedgangen i fertiliteten dei siste ti åra er ein del av ei lang historisk utvikling, eller om den berre er eit meir kortsiktig tilfeldig utslag. Utsegner om utviklinga til fertiliteten framover i tida byggjer derfor i dag på intuisjon eller på ei mekanisk trend-framskriving i staden for på ein etablert samfunnsvitskapleg teori.

Ved første augekast er det kanskje vanskeleg å sjå kvifor fertiliteten skulle vere ein særleg komplisert storleik. Fødslar er lette å observere. Det finst derfor mye og gode data som vi kan nytte til å rekne ut fertiliteten. Fødslar er dessutan resultatet av ein kjend og eintydig biologisk prosess. Seksuell aktivitet fører som regel til barnefødsel om ein ikkje tek konkrete steg for å hindre befrukting. Det er derfor heilt opplagt at fertiliteten må hange saman med slike storleikar som inngåing av ekteskap (eigentleg: seksuell aktivitet) og bruk av prevensjon og abort mellom dei seksuelt aktive. Stiller vi dette saman med kunnskapen om korleis fekunditeten (den biologiske evna til å bli gravid) varierer med

alderen, veit vi i grunnen mye om fertiliteten.

Denne kunnskapen er likevel berre eit utgangspunkt. Den er nødvendig, men til lita hjelp i seg sjølv dersom vi byrjar å undre oss over at vi har så stor skilnad i fertilitet mellom ulike regionar og mellom ulike sosiale grupper.

I tabell 2 ser vi korleis det samla fertilitetstalet utvikla seg frå 1968 til 1976 i dei ulike fylka. I alle fylka har fertiliteten falle sterkt, men den relative variasjonen mellom fylke for kvart einskilt år er for stor til at den aleine kan kome av at ny prevensjonsteknologi blir spreidd frå sentrum og utover til periferien i det norske samfunnet. Utviklinga i skilnaden mellom fylka med høgast og lågast fertilitet kan likevel tyde på at ein slik prosess har vore i gang. (P-pille, spiral og abort vart først tekne i bruk i storbyane i 1966/67. I 1971 var marknaden «metta» i storbyane, medan berre nokre få hadde teke dei nye hjelpemidla i bruk i utkantane. Skilnaden mellom høgaste og lågaste fertilitet i fylka er da på sitt største. I 1975/76 skulle prosessen vere ferdig og skilnaden mellom fylka om lag «normal».) Går vi ut frå at spreinga av ny prevensjonsteknologi har teke om lag ti år og no om lag er ferdig, er det framleis 50% skilnad mellom det fylket som har høgast fertilitet og det som har lågast (prosenten er rekna av det fylket som har lågast fertilitet, det er heile tida Oslo).

Dette er på alle måtar ein stor skilnad, og vi blir nøydde til å stille den neste rekkja av spørsmål: Kvifor nyttar nokre menneske prevensjon, medan andre ikkje gjer det? Kvifor er nokre familiar nøgde med ingen eller i høgda eitt barn, medan andre like gjerne vil ha fire som tre? Skal vi vere nøgde med å vise til at smak og behag er ulike? Men kvifor er det da systematisk skilnad i smaken mellom by og land?

### *Samfunn og fertilitet*

Tenkjer vi etter, skulle det ikkje vere vanskeleg å skjøne at fertiliteten i eit samfunn på ein eller annan måte må vere styrt eller kontrollert.

Denne innsikta byggjer på det enkle faktum at fertiliteten er ein av dei mest sentrale storleikane for evna eit samfunnssystem har til å overleve som eit kontinuerleg system. Både avfolking og befolkningseksplasjon vil setje samfunnssystemet på prøver som det sjeldan overlever. Særleg vil avfolking vere eit trugsmål mot kontinuiteten i systemet. Det er derfor rimeleg å tru at det er dei samfunnssystem som har klart å halde fertiliteten i passande høgd over nullvekstnivået, som har klart seg best opp gjennom tida.

Vi tek i dag for gitt at ein familie både kan og bør kontrollere talet på barn. Men det er ikkje lenge sidan det var svært vanskeleg å få til ein slik

Tabell 2. Det samla fertilitetstalet i fylka i åra 1968 til 1975. Fylka er rangerte etter fertiliteten i 1968.

FYLKE Nr Namn	ÅR									
	1968	1969	1970	1971	1972	1973	1974	1975	1976	1977
03 Oslo .....	2,03	1,92	1,76	1,79	1,76	1,63	1,63	1,50	1,47	1,47
04 Hedmark .....	2,51	2,61	2,30	2,42	2,24	2,05	1,92	1,80	1,71	1,71
01 Østfold .....	2,55	2,48	2,36	2,30	2,37	2,12	2,11	1,88	1,78	1,78
06 Buskerud .....	2,56	2,43	2,28	2,35	2,23	2,04	2,03	1,92	1,75	1,75
08 Telemark .....	2,59	2,59	2,46	2,41	2,32	2,11	2,09	1,94	1,82	1,82
07 Vestfold .....	2,60	2,54	2,44	2,39	2,40	2,06	1,92	1,91	1,80	1,80
02 Akershus .....	2,63	2,57	2,35	2,26	2,18	2,06	1,93	1,86	1,69	1,69
05 Oppland .....	2,65	2,66	2,43	2,42	2,33	2,20	2,07	1,92	1,73	1,73
16 Sør-Trøndelag .....	2,83	2,77	2,58	2,68	2,51	2,39	2,23	2,12	1,91	1,91
09 Aust-Agder .....	2,88	2,91	2,74	2,81	2,56	2,45	2,38	2,29	2,23	2,23
12 Hordaland .....	2,97	2,94	2,67	2,61	2,56	2,46	2,34	2,18	2,08	2,08
10 Vest-Agder .....	3,00	3,02	2,75	2,82	2,62	2,49	2,42	2,30	2,26	2,26
11 Rogaland .....	3,18	3,10	2,87	2,85	2,65	2,50	2,42	2,30	2,19	2,19
18 Nordland .....	3,20	3,04	2,80	2,79	2,61	2,41	2,32	2,14	2,04	2,04
17 Nord-Trøndelag .....	3,22	2,96	2,79	2,89	2,68	2,64	2,44	2,09	2,02	2,02
15 Møre og Romsdal ...	3,23	3,08	2,91	2,78	2,66	2,50	2,39	2,13	2,01	2,01
14 Sogn og Fjordane ...	3,27	3,30	3,18	3,05	2,96	2,75	2,56	2,34	2,19	2,19
19 Troms .....	3,41	3,32	2,94	2,98	2,81	2,53	2,42	2,08	1,98	1,98
20 Finnmark .....	3,50	3,46	3,27	3,34	3,00	2,90	2,64	2,24	2,12	2,12
Skilnaden mellom høgaste fylke og lågaste i prosent av lågaste .....	72,4	80,2	85,8	86,6	70,5	77,9	62,0	56,0	59,9	59,9

Kjelde til tabellen er tabell 3.3 i Erling Berge (1974): «Regionale variasjonar i fertiliteten i Norge omkring 1970», ANO IO 74/40 Statistisk Sentralbyrå, Oslo. For åra 1974, 1975 og 1976 er tala henta frå upubliserte tabellar i Statistisk Sentralbyrå.

individuell kontroll. Berre fråvære av seksuell aktivitet etter at eit passende tal av barn var født, kunne garantere suksess. Tidspunktet for fødslane og avstanden mellom dei måtte òg kontrollerast på same måten. Sidan vi ikkje har grunn til å tru at seksualdrifta har endra seg i historisk tid, eller at skilnadene i seksualdrift mellom ulike individ i befolkinga varierer systematisk med samfunnstilhøva, så er det ikkje å undrast over at det var få som prøvde seg på ein individuell kontroll av fertiliteten, og færre som lukkast. Likevel var fertiliteten i samfunnet kontrollert. Den var verken så høg som den kunne vore eller så låg som den kunne vore. Når eg talar om kontroll i dette høvet, tyder det derfor ikkje at det finst personar eller høgare makter som fastset kva fertiliteten må vere og så på magisk vis får familiane til å føde passende mange barn.

Kontrollen ligg i sjølve organiseringa av samfunnet — i samfunnsstrukturen, vil sosiologen seie. Gjennom lovreglar og skikkar, gjennom

organisering av arbeid og fritid legg historisk tradisjon og medmenneske styring på alle aktivitetane våre — også på dei aktivitetane som kan verke inn på fertiliteten. Verken i dag eller nokon gong før i tida har ein familie kunna organisere livet sitt på tvers av dei skikkane medmenneska legg til grunn for sine liv. Den styringa som er lagd på aktivitetane til individ og familiar, vil spegle seg i ekteskapskikkar og giftarmålsalder, i ernæring, stress og samleiefrekvensar så vel som i spontanabortar og barnedødsfall. Dersom ikkje desse faktorane saman med fekunditet og seksualdrift og ei rekkje andre balanserer mot kvarandre på ein slik måte at fertiliteten blir liggjande på eller litt over nullvekstnivået, er det berre så altfor truleg at samfunnsordninga vil bryte saman for å gi plass til ein ny samfunnsstruktur med andre typar styring på handlingane til samfunnsmedlemmene.

Denne typen kontroll over fertiliteten blir kalla funksjonell. Samfunnsstrukturen kontrollerer fertilitetsnivået. Og fertiliteten kontrollerer samfunnsstrukturen i den tydinga at berre dei typane samfunnsstruktur som klarer å halde fertiliteten innan nokså tronge grenser, vil overleve. No er det slik at endringar i samfunnsstruktur fort vil vise seg i endra fertilitet, medan tidsavstanden mellom endringar i fertilitetsnivået og konsekvensane for samfunnsstrukturen er minst 10—15 år (for ein befolkningseksplasjon), og kan gå opp i 40—50 år (ved for låg fertilitet). I tider med store, mange og raske sosiale endringar slik vi har hatt det i den vestlege verda etter den industrielle revolusjonen, må vi vente at det funksjonelle sambandet mellom samfunnsstruktur og fertilitet vil bryte saman.

Årsakssamanhengen mellom samfunnsstruktur og fertilitet er framleis like sterk. Men den verknaden fertiliteten har på samfunnsstrukturen, blir no liten samanlikna med dei andre kreftene som òg verkar. Og tidsavstanden mellom endringar i fertiliteten og verknaden på samfunnsstrukturen gjer det like truleg at kontrollen med fertiliteten blir gjord vanskelegare som at den blir gjord lettare. Vi må vente å finne ganske raske og relativt store svingingar i fertiliteten så lenge samfunnsstrukturen er i rask omforming.

Fertiliteten er ikkje viktig berre for den langsiktige overlevingsevna til samfunnssystemet. Den er òg viktig for levekåra til den einskilde familien. I ei tid da det ikkje er samsvar mellom samfunnsstruktur og fertilitet, vil derfor kvar familie oppleve eit direkte samband mellom fertiliteten og levekåra. Kvar einaste familie er derfor sett under press til å finne måtar å kontrollere barnetalet slik at dei kan få så gode levekår som mogeleg.

Når da ny effektiv prevensjonsteknologi blir utvikla og abort blir legalisert, set dette familiene i stand til å kontrollere familiestorleiken i samsvar med dei krav samfunnsstrukturen synest setje til kvar einskild

familie. Vi får eit raskt og direkte samband mellom samfunnsstruktur og fertilitet, og vi må vente at sosial endring enda raskare vil gi seg utslag i endringar i fertilitetsnivået. Sjølv om den individuelle kontrollen av fertiliteten har løyst mange problem for familiane, har den ikkje garantert eit fertilitetsnivå i samsvar med overlevingskravet for samfunnssystemet. Så lenge vi har eller ønskjer å ha sosial endring (t.d. økonomisk vekst og sosial utjamning), kan kravet om stabil fertilitet kring nullvekstnivået berre sikrast gjennom ein medviten befolkningspolitikk.

Men ein effektiv befolkningspolitikk krev betre kunnskapar om sambandet mellom samfunnstilhøve og fertilitet enn vi har i dag. For å få denne innsikta har ein både internasjonalt og her i landet auka forskingsinnsatsen monaleg dei siste åra. Til dømes driv Det internasjonale statistiske instituttet (ISI) ei verdsomfattande fertilitetsundersøking (World Fertility Survey) der no meir enn 56 land er med, og mellom dei Norge. Statistisk Sentralbyrå, som står for den norske undersøkinga, intervjuar i oktober/november 1977 om lag 5000 kvinner i alderen 18 til 44 år om deira erfaringar med omsyn til fødselar. Medan vi ventar på resultat frå desse undersøkingane, er det likevel all grunn til å studere dei data vi har og spekulere over kva mogelege samband vi kan ha mellom fertilitetsnivå og levekår for familiane.

#### *Fertilitet, levekår og familie*

Sambandet mellom fertilitet og samfunnsstruktur er altså å finne i familien og dei levekår barnefamiliane har. Så mye er gammalt kjent. Men skal denne kunnskapen kunne nyttast i praktisk politikk, må vi vite meir presist korleis velferda til den einskilde familien endrar seg med talet på barn, og korleis denne samanhengen endrar seg med ulike samfunnstilhøve. Det store uløyste problemet i denne samanhengen er sjølvstyk kva vi skal rekne med i velferda til ein familie. Dette problemet er felles for alle samfunnsfaga så snart dei skal freiste å gå frå det reint deskriptive til å foreslå praktiske politiske tiltak for å gjere levekåra betre for ei eller fleire sosiale grupper.

Her skal vi berre slå fast at det i dag ikkje er mange igjen som trur at materiell velstand er den einaste eller den viktigaste storleiken å sjå på når vi skal studere den totale velferda til eit individ, ein familie eller ei sosial gruppe. Men sidan det materielle grunnlaget er ein nødvendig del av omgrepet, og sidan vi verken veit eller nærmar oss semje om kva som skal reknast med ut over dette, er det svært lett å falle attende på reine økonomiske vurderingar. Dette er ikkje minst tydeleg i Stortingsmelding nr. 51 (1973—74), «Barnefamiliens levekår».

Ser vi på den økonomiske stoda til barnefamiliane og korleis den har



utvikla seg i samband med fertiliteten, viser data nokså eintydig at etter kvart som vi blir rikare, får vi færre barn. Dette gjeld over tid, og det gjeld regionalt. Likevel synest det å stride mot sunn fornuft å konkludere med at aukande rikdom skulle ta frå folk lysta til å føde barn. Dersom økonomiske tilhøve skulle ha noko å seie for talet på barn i ein familie, så er det vel rimelegare å tru at aukande rikdom skulle gjere det lettare å fostre opp fleire barn. Det må vere all grunn til å studere utviklinga i dei ikkje-materielle velferdsfaktorane for barnefamiliane. Dersom det er slik at rikdom eigentleg burde gi større barneflokkar, må dei andre faktorane ha utvikla seg slik at den totale velferda for barnefamiliane har vorte dårlegare t.d. sidan 1964. Velferda for barnefamiliane må òg vere fastlagd slik at den blir dårlegare når ein familie flytter frå landsbygda til storbyen.

Når vi tenkjer og talar om barnefamiliane og levekåra deira, er det oftast barna som står i sentrum for interessa. Er det verre eller betre å vere barn no enn for hundre år sidan? Er det verre eller betre for barna å måtte vere på dagheim enn å ha mor heime? Korleis verkar det på barna at far er så oppteken av karrieren at han knapt ser dei?

Slike spørsmål er sjølvstøtt viktige. Men i høve til det vi er interesserte i, stiller dei ikkje berre saka fullstendig på hovudet, dei illustrerer òg framifrå ei av dei utviklingslinene som har gjort det vanskelegare å vere foreldre i dag enn det var før i tida. Denne utviklingslina er auka kunnskap om kor viktig nærmiljø og foreldrekontakt er for den psykiske og fysiske utviklinga til barna. Det auka ansvaret som denne kunnskapen legg på foreldre, kunne truleg vore kompensert om vi hadde hatt ein annan type samfunnsutvikling enn den vi faktisk har. I staden ser vi korleis utviklingslinene grip inn i kvarandre og forsterkar dei vanskanane som foreldre opplever.

Den aukande mobiliteten både sosialt og geografisk har isolert familiane frå nabolag og slekt. Det sosiale livet til barnefamiliane har i aukande grad vorte avgrensa til kjernefamilien. Foreldra er stengde inne saman med barna, TV-en og dei andre massemedia. Gjennom massemedia vender legar, barnepsykologer og andre ekspertar seg til foreldra og fortel om dei viktige barneåra og åtvarar om dei katastrofale følgjene det kan få for barnet om foreldra neglisjerer det på nokon måte.

Der sit da foreldra og rugar over alle dei tusen ting som kan gå gale, langt frå slekt og vener. Kva skjer så? Jo, i neste program i TV eller i neste artikkel i vekebladet kan dei gløyme sutene sine. Her får dei ein liten smak på dei opplevingane som unge ubundne og aktive individ møter i arbeidsliv og ferie, i storbyen eller på fjellvidda, i skjergarden eller i utlandet.

Dei små gledene ein har hatt i samværet med barna, kjennest ikkje så

viktige lenger. Dei er komne bort mellom ansvar, problem og ønske om å kunne få ta del i dei gledene ein så tydeleg går glipp av ved å vere bunden til barna.

I tillegg til dette har vi så det allmenne presset i retning av å skaffe seg større og betre bustad, hytte og bil. Bustadmangelen i byområda gjer sitt til at det blir vanskeleg å byggje opp eit nærmiljø. Isolasjonen til barnefamiliane blir forsterka, og kontrollen med oppvekstmiljøet til barna blir vanskelegare. Stein er lagd til byrda av ansvar og problem.

Ein kan bli freista til å konkludere med at ikkje mye anna enn å skaffe mat til barneflokket har vorte lettare dei siste tiåra. No er det sjølvstekt mye og kanskje det meste i menneskelivet som har vorte lettare om vi berre studerer kvart individ isolert. Men når vi skal studere levekåra til barnefamiliane i høve til talet på barn i familien, må vi studere foreldra og korleis deira velferd er påverka av talet på barn. Det er foreldra som avgjer om familien skal få eit barn til. Det er derfor opplevingane til foreldra — og da ikkje som mann eller kvinne eller ektefolk, men som foreldre — vi må ta omsyn til når vi skal skjønne kvifor fleire og fleire familiar finn at dei ønskjer færre og færre barn. Og samfunnsutviklinga synest på dette feltet nokså eintydig å ha gått i retning av at det har vorte vanskelegare å vere foreldre i høve til det å ikkje vere foreldre.

Det er ikkje vanskeleg å tru at ungdom og barnlause ektepar gjerne vil vente med å få barn til dei har opplevd livet som unge, aktive og ubundne og til dei kan kjøpe seg inn i eit tilsynelatande akseptabelt bumiljø. Det ville vore enda lettare å tru på ein slik teori dersom ungdommen faktisk tenkte og gav uttrykk for slike tankar som dei vi her har skissert. Vi kan vel fort slå fast at slik blir det i alle fall ikkje tenkt. Enno slår gamle normer om å få barn igjennom. Statusen som mor er enno viktig for det bilete ei kvinne har av seg sjølv.

Det er likevel tydeleg at familiane fort vaknar til kvardagen som foreldre, og da viser gjerne vanskane seg i dagleglivets små problem både fort og effektivt utan at ofra for problema treng ha noka analytisk forståing av årsakene til problema. Dei ulike måtane å løyse problema på (skilsmål, arbeid for begge foreldra osv.) har alle det til felles at dei legg hindringar i vegen for å få fleire barn. Vi ser da òg (tabell 1) at sidan 1965 har prosentdelen førstefødde mellom alle fødde auka med 9%. Fleire og fleire ektepar stoppar etter det første barnet eller utset den andre fødselen så lenge at det er for seint. Dei siste åra viser statistikken òg at giftelysta har minka. Talet på ektevigde pr. tusen menneske i befolkninga har minka frå 7,6 i 1971 til 6,5 i 1975, og det er ekteskapsratane mellom dei yngste som har minka mest.

Kanskje har det byrja festne seg eit inntrykk mellom ungdommen av at det verken er lett eller særleg viktig å få barn?

*Fertilitet og krisetider*

Dersom spekulasjonane ovanfor har noko for seg, følgjer det to resultat.

Vi må for det første vente at fertiliteten vil minke raskt i minst fem år enno. Litt ut i åttiåra er vi da nede i ein fertilitet 30—40% under nullvekstnivået. Når fertiliteten kjem så lågt, treng vi ikkje vente så mange år før einaste redninga for velferdsstaten slik vi kjenner den, ligg i masseimport av arbeidskraft. Men som vi alt har nemnt, er dette ei løysing som fører med seg sine egne problem. Den sosiale dynamikken som ligg i samanfall mellom kulturelle grenser og økonomiske maktlinjer, let seg ikkje fjerne ved stortingsvedtak. I beste fall kan stortingsvedtaka ta omsyn til denne dynamikken.

Det andre restulatet som følgjer, er dei nødvendige retningslinene for eit program som kan styre utviklinga attende til eit tryggare spor. Kva som i dette fall må gjerast, er jo i og for seg ganske innlysande.

Men mange teikn i tida tyder på at samfunnsutviklinga i den vestlege verda er inne i eit spor som vil rive bort heile grunnlaget for spekulasjonane i denne artikkelen. Den djuptgåande økonomiske krisa som vi no er inne i, er nært knytt til den minkande marginen vi har i høve til tilgangen på energi. Det materielle grunnlaget for utviklinga i retning av sentralisering, stordrift og byråkratisering er dermed i ferd med å rakne. Skal samfunnet vårt overleve dei krisetidene vi går i møte, trengst det derfor så store endringar både i det teknologiske grunnlaget og i styringsstrukturen at krava våre til ein befolkningspolitikk synest små og trivielle. Dèt vi kanskje skal vakte mest på, er at vi ikkje vel ei løysing på dei økonomiske problema som står i strid med dei omsyn vi må ta til befolkningsutviklinga.